

Fuglar registrert i Surna naturreservat sommaren 2018



Forord

Surna naturreservat i Surnadal kommune vart oppretta ved kongeleg resolusjon den 27. mai 1988. Reservatet består av fire delområde. Områda som alle ligg i nedre del av elva Surna, blir påverka av tidevatnet.

Oppdraget bestod i å kartlegge fuglelivet i to av delområda, Sæterøya og Grimsmoen.

Kvart delområde vart undersøkt tre gonger. Same rute vart gått ved kvar registrering. Resultata vart lagt inn i www.artsobservasjoner.no

Foto av fuglar og landskap er tatt av underteikna.

Eg vil takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/rådgivar Solveig Silset Berg for oppdraget.

Surnadal 04.09.2018


Ola Ragnar Gjøra

Forsidebilde:

Brushanen var ein vanleg hekkefugl i Surna naturreservat på 1980-talet. I dag er han berre å sjå på trekk.

Resultat

Sæterøya



Delområdet strekkjer seg fra Brandsneset i vest til Øyamoan i aust. Mellom desse går det gamle elveleiet, Gammelelva. Sæterøya delområde dekkjer eit areal på ca 260 dekar.

Deler av det gamle elveløpet har dei siste åra vore prega av gjengroing. Grunneigarar har ytra ønskje om å renske oppatt Gammelelva og gjere ho djupare.

Hausten 2017 starta arbeidet med opprenskinga av det gamle elveløpet frå Øyamoan til Sæterøya. Hensikten var å restaurere kroksjøen og ivareta verneverdiane. Etter at arbeidet vart ferdig våren 2018, har det auka vasstanden betrakteleg, spesielt ved Øyamoan.



Øyamoan, den delen av Sæterøya delområde, som har gjennomgått størst endring i 2018.

Det vart totalt registrert 52 forskjellige fugleartar under dei tre takseringane. Reslutata er vist i tabellen nedanfor.


Art	13. juni	29. juli	23. august
Brunnakke	3		1
Krikkand	16	7	31
Stokkand	34	26	25
Kvinand			4
Grågås		25	60
Vaktel			1

Trane	27	3	61
Brushane			1
Gråhegre		6	
Tjeld	2		
Heilo	12		
Vipe	2		
Storspove	1		
Strandsnipe	1	5	1
Gluttsnipe	2	8	2
Grønnstilk	2		
Rødstilk	1	1	
Skøgsnipe		1	
Enkeltbekkasin	1	23	19
Fiskemåke	6	3	
Ringdue	1	12	3
Tårnseiler	1	1	14
Låvesvale		6	24
Sandsvale	3	5	8
Heipiplerke			8
Linerle	1	3	10
Blåstrupe			1
Buskskvett	2		1
Grønnsisik		8	34
Gråsisik		8	5
Blåmeis		2	4
Kjøttmeis		2	3
Løvmeis			1
Rødstrupe		1	
Gråtrost	1	26	1
Svarttrost		3	2
Sivsanger	2	2	1
Tornsanger	1	3	
Gransanger	2	2	2
Løvsanger	2	5	1
Vandrefalk		1	
Spurvehauk			1
Skjære	2	3	
Kråke	4	35	37
Stær	18		20
Gråspurv	3		
Pilfink	1		
Bokfink		5	5
Bjørkefink			16
Gulspurv	2		5
Sivspurv	3	6	18



Sivpurv er ein karakterfugl i Sæterøya naturreservat.

Grimsmoen



Delområdet strekker seg frå utløpet av bekken Gryta i vest til det gamle delvis avsnørte elveleiet nord for kjøpesenteret. Grimsmoen delområde dekkjer eit areal på ca 90 dekar.



Deler av Grimsmoen delområde sett frå aust

Det vart totalt registrert 31 forskjellige fugleartar under dei tre takseringane. Resultata er vist i tabellen nedanfor.

Art	13. juni	29. juli	24. august
Krikkand	1		10
Stokkand			15
Laksand			7
Kvinand		9	
Strandsnipe	2	1	
Rødstilk	1		
Fiskemåke		1	
Ringdue			1
Tårnseiler	1		
Låvesvale	3		
Dvergspett	2		
Linerle	3		1
Gjerdsmett		1	3
Jernspurv			1
Rødstrupe			2
Svarttrost	1	1	5
Gråtrost	12	1	12

Rødvingetrost	1		1
Måltrost			4
Gulsanger	1		
Munk	2		
Gransanger	2		4
Løvsanger	4	2	
Blåmeis	1		6
Kjøttmeis		1	
Kråke			2
Nøttekråke			2
Stær			3
Gulspurv		1	1
Bokfink	3		3
Grønnsisik			39



Eit dvergspettpar hekka i løvskogen nord i Grimsmoen delområde.